



DOVRE KOMMUNE

Landbruks- og matdepartementet

Vår ref
2014/612/2/

Deres ref:

Saksbehandlar
Martin Vorkinn

Dato
03.12.2014

Høring av ny forskrift om tilskott til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. - Høyringsvar frå Dovre kommune

Oversender med dette Dovre kommune sitt høyringsvar i saka. Høyringsfristen var 1.12. På grunn av møtetidspunkt for plan, næring og utviklingsstyret kjem vår uttale to dagar etter fristen. Dovre kommune ber likevel om at vår uttale blir teke inn i saka.

Med helsing

Martin Vorkinn
Konsulent



DOVRE KOMMUNE

Saksnr: 2014/612 -1

Arkiv:

Saksbehandler:

Martin Vorkinn

Dato: 18.11.2014

Saksframlegg

Høyring av ny forskrift om tilskott til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

1 S Høyring av ny forskrift om tilskott til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

Vedlegg:

- 1 Høyring av ny forskrift om tilskott til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.
- 2 Utkast til ny forskrift
- 3 Jordbruksavtalen kap 9

Vedtak til:

Saksbehandlar sender ut.

Saksutredning:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om tilskott til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. Frist for høyringsuttale er 1. desember 2014, og ny forskrift skal tre i kraft 1. januar 2015.

Arbeidet med ny forskrift kjem som følge av Jordbruksoppgjeret 2014, der det går fram at det skal gjennomførast ei omfattande evaluering av ordninga med tilskott til avløysing ved sjukdom mv. saman med evaluering av fleire andre element i jordbruksavtalen. Målet med evalueringa er å gjera regelverket enklare for å oppnå mindre krevjande forvaltning og meir føreseielegheit for søkjarar av tilskottet. Hovudevalueringa skal vera gjennomført innan jordbruksoppgjeret i 2016.

Endringane som er foreslått i forskrifta vil difor ikkje vera av større materiell eller administrativ karakter, men er for ein stor del ein ryddejobb i høve til harmonisering mot andre lover og forskrifter. Gjeldande forskrift er gjeldande både for avløysing ved ferie og fritid og for avløysing ved sjukdom mv. Departementet har foreslått å legge avløysing ved ferie og fritid inn i den nye produksjonstilskottforskrifta, noko som i seg sjølv gjer forskriftsendringar nødvendige.

Vurdering:

Dovre kommune vil her kommentere nokre punkt i forslaget til ny forskrift som ein meiner vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i Dovre:

- Forskrift om avløyning ved ferie og fritid og avløyning ved sjukdom mv. bør ikkje skiljast. Det er naturleg at avløyning ved ferie og fritid og sjukdomsavløyning er i same forskrift, som i dag. Begge ordningane er velferdsordningar, og høyrer saman.
- I forslaget til ny forskrift er det lagt opp til at avløysartilskott ikkje lengre kan utbetalast til avløysarlaga. Dette vil gjere at avløysarlaga ikkje lengre kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til avløyning og sjukdomsavløyning. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan gå utover dyrevelferden. Dovre kommune ønskjer ikkje denne endringa i regelverket, då ein med dette set ei godt fungerande ordning for sjukdomsavløyning og dyrevelferd i fare.
- Departementet forslår å gjere om dagens «kan-regel» til ein «skal-regel» når det gjeld avkorting og regelverksbrot. Dette meiner Dovre kommune i mange tilhøve vil vere svært lite hensiktsmessig, og ikkje minst relativt «strengt». Dagens «kan-regel» for avkorting ved feilopplysningar må vidareførast.

Rådmannens innstilling:

Plan-, næring- og utviklingsstyret vedtek:

Dovre kommune ser nytten av dei fleste endringane som er foreslått i regelverket, men vil likevel framheve fyljande punkt som vil kunne verke mot sin hensikt/ha negative konsekvensar for jordbruket i kommunen:

- Forskrift om avløysartilskott ved sjukdom mv. og ved ferie og fritid bør ikkje skiljast, då dei begge er velferdsordningar som naturleg høyrer saman i same forskrift.
- Dersom avløysartilskott ved sjukdom og fødsel mv. (og ved ferie og fritid) ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen med å forskottere utgiftene til ferie- og fritidsavløyning og til sjukdomsavløyning. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som blir sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden; noko som igjen kan gå ut over dyrevelferden.
- Forslag som ligg inne gjeldande avkorting og regelverksbrot vil i mange tilfelle verke relativt strengt. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Saksprotokoll i Plan-, nærings- og utviklingsstyret - 02.12.2014

Behandling

Vedtak

Rådmannens innstilling ble vedtatt med 8 mot 1 stemme.